

# Sprog i Norden

Titel: Forståelig sprog – for alle?  
Forfatter: Marit Hovdenak  
Kilde: Sprog i Norden, 2005, s. 205-209  
URL: <http://ojs.statsbiblioteket.dk/index.php/sin/issue/archive>



© Forfatterne og Netværket for sprognavnene i Norden

## Betingelser for brug af denne artikel

Denne artikel er omfattet af ophavsretsloven, og der må citeres fra den. Følgende betingelser skal dog være opfyldt:

- Citatet skal være i overensstemmelse med „god skik“
- Der må kun citeres „i det omfang, som betinges af formålet“
- Ophavsmanden til teksten skal krediteres, og kilden skal angives, jf. ovenstående bibliografiske oplysninger.

## Søgbarhed

Artiklerne i de ældre numre af Sprog i Norden (1970-2004) er skannet og OCR-behandlet. OCR står for 'optical character recognition' og kan ved tegngenkendelse konvertere et billede til tekst. Dermed kan man søge i teksten. Imidlertid kan der opstå fejl i tegngenkendelsen, og når man søger på fx navne, skal man være forberedt på at søgningen ikke er 100 % pålidelig.

## Forståeleg språk – for alle?

*Marit Hovdenak*

Den tredje nordiske konferansen om *klarspråk* vart halden i november 2004 på Kongsberg i Noreg. Den første konferansen var i Stockholm i 1998, den andre på Hanaholmen ved Helsingfors i 2000. Ordet ”klarspråk” har ei tid vore brukt i Sverige om klårt, enkelt og forståeleg språk som eit ideal for offentleg språkbruk. Det står i motsetning til ”kansellistil”, ”byråkratspråk” osv. Ordet har ikkje vore nytta i norsk (og dansk) tidlegare, men det kan vere eit hendig ord å bruke. Konferansen hadde innleiarar og deltakarar frå alle dei nordiske landa, om lag femti i alt.

### **Kva og kvifor**

Målet med konferansen var todelt: For det første å medverke til erfaringsutveksling og gje inspirasjon til vidare arbeid både for dei som er komne langt, og for dei som knapt har begynt. For det andre å medverke til eit systematisk arbeid med klårt og tydeleg norsk språk i offentleg og privat verksemd og for begge språkformene. Dette målet står i samanheng med at det er sett i gang arbeid med å meisle ut strategi for ein ny norsk språkpolitikk, og at dei norske styresmaktene vil byggje opp ei statleg språkkonsulentteneste, som ikkje minst trengst for å styrkje nynorskbruken.

Statssekretær *Yngve Slettholm* frå Kultur- og kyrkjedepartementet hadde det første innlegget. Uklårt offentleg språk er eit demokratisk problem, sa han. Departementet ønskjer å byggje opp ei statleg språkkonsulentteneste for å gjere språket

betre, det vil seie klårare og meir forståeleg. Denne tenesta skal stå for språkopplæring og teksthjelp og skal byggjast opp i tilknytning til Norsk språkråd.

*Guðrún Kvaran*, leiar for Nordens språkråd, sa at klarspråk blir eit av emna i forslaget til ny nordisk språkpolitikk. Det er eit felt som ligg til rette for nordisk språksamarbeid, og ikkje minst gjeld det for alle landa at barn og unge er språkbrukarane i framtida.

### **Danmark neste**

Noko nytt som kom fram i samband med denne konferansen, var at det også i Danmark er ei aukande interesse for arbeid med klårt og forståeleg offentleg språk. *Louise Seest* frå Domstolsstyrelsen rapporterte at Danmarks Domstole har innført ein eigen språkpolitikk, etter ein omfattande og langvarig prosess. Også andre institusjonar i Danmark lagar tilsvarande retningslinjer for språkbruk. Denne tendensen ser ut til å ha komme utan sentrale initiativ eller offentleg debatt. Det er interessant at dette skjer no som ein offisiell dansk språkpolitikk blir utgreidd og debattert i Folketinget. Det er tanken at Danmark skal arrangere den neste klarspråkskonferansen.

### **Veit vi kva klårt og godt språk er?**

To norske foredrag gav eit fagleg-teoretisk grunnlag for emnet: *Ruth Vatvedt Fjeld* frå Universitetet i Oslo har skrivne doktorgradsavhandling om vagheit i lovtekster, og ho forklarte kvifor lovtekster ikkje kan vere så klinkande klare som ein kanskje kunne ønskje. Lovtekstene er generelle tekster som skal passe i alle tilfelle. Difor bruker ein gjerne allmennord, og dei er ofte ikkje presise. Når lovene skal nyttast, må det tolkingsstrategiar til. *Jan Olav Fretland* frå Norsk språkråd og Høgskulen i Sogn og Fjordane brukte ordet ”språktåke” for å karakterisere ein type språkbruk som er det motsette av klårt og tydeleg språk. Det er ofte fleire trekk som verkar saman og

skaper ei slik ”språktåke”, som moteord, fagspråk og mange og lange substantiv. Når språkarbeidarar skal gjere tungt språk betre, kan dei bruke verkty som byggjer på kunnskap om lesbarheit, språkforståing og korleis minnet vårt fungerer. Han presenterte eit nytt norsk arbeid basert på tysk forskning, der to hovudpoeng er at god strukturering og enkel stil er viktigast for å få ei så god tekst som mogleg.

### **Dei gode erfaringane**

*Barbro Ehrenberg-Sundin* frå Regeringskansliet i Sverige har lang og brei erfaring frå bl.a. den svenske Klarspråksgruppen, og ho gav klare råd: Skal ein lykkast med dette arbeidet, må ein ha støtte på høgaste nivå i institusjonane, og ein må arbeide systematisk. Eldsjeler trengst, men det er ikkje nok, og samarbeid i nettverk er uvurderleg. Språkeksperter må vere med, og dei har mange ulike metodar dei kan bruke. Ho poengterte at dei har oppnådd betre offentleg språk i Sverige, og at det har mange fordelar! *Nathalie Parès* fortalde om ”Klarspråkskristallen” for klart og enkelt myndigheitsspråk, ein årleg pris som blir lagd mykje merke til i Sverige.

### **Betre offentlege tekster**

*Ann-Marie Malmsten*, som er jurist, fortalde frå arbeidet med å granske svenske lovtekster i Finland. Desse lovtekstene er omsette frå finsk, og dei svenske og finske tekstene skal svare til kvarandre, for begge er gjeldande rett. Granskinga er ein kvalitetskontroll av den svenske og faktisk òg av den finske teksta.

*Mia Helle* frå Folkpensionsanstalten i Finland gjorde greie for korleis institusjonen arbeider med klart og godt språk når dei skriv til publikum. Ho framheva at det er nødvendig å sjå sakene frå mottakaren si side. Tonefallet må passe, og teksta må vere gjennomtenkt og tiltalende.

*Aud Anna Senje*, som er språkrådgjevar hos det norske Økokrim, har lang erfaring i å betre det språket som juristar og politifolk skriv. Ho gav eksempel på pedagogiske verkemiddel som ho bruker for å påverke skribentane.

*Sissel Mossing*, informasjonsrådgjevar i Kommunal- og regionaldepartementet, fortalde om arbeidet med å byggje opp ein nettportal for barn og unge om asylsøkjjarar og innvandrarar. Oppdraget kom frå kommunalministeren, og det viste seg å vere krevjande både når det gjaldt form og innhald. Ungdom set krav til teknologi – dei er vane med animasjonar, tredimensjonal grafikk osv. Det som er brukarvennleg for vaksne, er ikkje nødvendigvis så brukarvennleg for barn og unge.

### **Språkarbeid for bedrifter**

To foredrag handla om språkleg rådgjeving til private bedrifter: *Lina Henriksen* frå Center for Sprogteknologi i Danmark hadde arbeidd med eit forskingsprosjekt for klårt og presist språk i fleirspråklege selskap. Viktige element var å finne ein god språktone som avspeglar verdiane i selskapet, og å utvikle språkteknologiske verkty som hjelper til med å lage ein enkel setningsstruktur. *Elizabeth Norris* frå firmaet DataPed i Noreg gjorde greie for ein metode som er utvikla i USA for å gje oversikt over store informasjonsmengder. Metoden blir brukt for å leggje til rette informasjon slik at han blir klår og tydeleg i innhald, struktur og språk.

### **Kva kan næringslivet gjere?**

*Siri Bjerke* frå NHO – Næringslivets Hovedorganisasjon – kom for å svare på kva næringslivet kan gjere. NHO og næringslivet er kjent for å bruke vanskelege ord og uttrykk, ikkje minst i økonomi, og der har dei ei oppgåve i å betre kommunikasjonen med omverda. Ho sa at for NHO er det viktig å vere bevisst på verdigrunlaget i tekstene dei produserer. Av tiltak dei bruker,

nemnde ho skrivekurs for tilsette, utplassering av byråkratar i NHO og bedrifter, samarbeid mellom kulturlivet og næringslivet og ikkje minst satsing på ungdom.

**– og språknemndene?**

*Birgitta Lindgren* frå Svenska språknämnden tok for seg kva språknemndene bør og kan gjere. Ho konstaterte at det er Sverige og Finland som gjer mest, og at Noreg er i gang. Dette er eit arbeid som krev systematikk og kontinuitet. Ho peika på tiltak som det er enkelt for språknemndene å setje i verk, og korleis dei gjennom påverknad på andre statsorgan kan fremje eit systematisk klarspråksarbeid.

I sluttdiskusjonen vart det understreka at klarspråksarbeidet må ha – eller få – autoritet og vere forankra i den politiske leiinga. Det vart òg konkludert med at det har vore ei utvikling når det gjeld metodar og synsvinklar i arbeidet.

**Summary**

The third Nordic conference on correct and clear language was held in Kongsberg, Norway, in November 2004. Participants came from public institutions, private consulting firms and a few big enterprises. Contributions ranged from the scientific basis of plain language work to the methods and practical approach to the problem of “clearing the fog” in written material intended for the general public. Inspiring reports were given of good results in projects concerning the language in acts of parliament, letters to customers and information pages on the internet. A lesson to be drawn in all the countries represented at the conference is that if the work for correct and clear language in the public institutions is to be successful, it has to be based on the authority of the top management and be supported by them. The promotion of correct and clear language is also a task to be taken up by the language councils in all the Nordic countries and should be integrated into Nordic language policy.